


Flaumfaren må vurderast

10.04.2011



F3 er utbyggingsområde for herberge og beverting, C3 er det omstridde området for campingvognar og båt 5 er utviding av hamna. Også tilkomstvegane er teikna inn.

Før det kan setjast igang nye tiltak etter den nye reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen, må det gjennomførast ei vurdering av flaumfaren i området.

Det skal fastsetjast kvar det er risiko for 200-årsflaum.

Det er NVE som tilrår dette før det vert tillede plassering av campingvognar og utbygging av hytter.

Rådmannen vil sikra at dette vert gjennomført, men sidan ein slik vurdering har ein kostnad, vil dette verta gjennomført først når reguleringsplanen er godkjent men før det vert gjeve løyve til byggetiltak. Planen må eventuelt endrast i samsvar med resultatet av flaumanalysen.

Planen inneholder 2 tilkomstvegar i området. Den eine opprettheld planlagt avkørsle i eksisterande reguleringsplan for Uskedalen sentrum medan den andre er ny avkørsle rett nord for bruа.

Planen inneholder også ei opprydding i internt vegsystem og representerer ei semje mellom Rabben og Øyro om tilkomst og bruk av området, slår rådmannen ved saksbehandlar Tormod Fossheim fast.

Av Ola Matti Mathisen